



Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Dato: 17.12.2014
Vår ref.: 2014/20396-32
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Viser til dykkar søknad om midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder for 2014.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i høyringsforslag til Regional kulturplan (2015-25). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og versatt sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018. Då vert denne kartlegginga ei føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til sikring av friluftsområder. I 2008 vart det i Hordaland gjennomført ei kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområder i alle kommunane. Desse data skal implementerast i Naturbasen.no. Denne gongen er fokus sett på friluftsområder i nærmiljøet.

I juni 2014 lyste Miljødirektoratet ut ei tilskotsordning for fylkeskommunane knytt til kartlegging og verdsetting av friluftsområder med ei ramme på kr. 3,2 mill. Det vart stilt krav om 50% eigne ressursar frå fylke og kommunar. Hordaland fylkeskommune bidreg med kr. 250.000,- og vart i tilsegnsbrev av 19.9 2014 tildelt kr. 400.000,- frå Miljødirektoratet. Kommunane hadde søknadsfrist 12.11 til Hordaland fylkeskommune, og det kom inn 9 søknadar. Alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot.

Kultur og ressursutvalet tildelte i møte 2.12.2014 kr. 60.000,- til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Askøy. 75% av midlane vert overført til Askøy kommune ved oppstart. 25% av tilskotet vert utbetalt ved ferdigstilling av arbeidet.

For 2015 har Miljødirektoratet avsett kr 5 mill. til denne ordninga. For å dekke opp kravet om 50% eigenandel har Hordaland fylkeskommune avsett kr. 428.000,- til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i 2015. Fristen for kommunane å søke fylkeskommunen vert 15. februar 2015.

Lukke til vidare med dykkar gode arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Askøy kommune!

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti
Fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.